



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 40/2 - Hodneland - etablering av veg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 08.10.2021 og 21.10.2021. Det er søkt om dispensasjon frå byggeforbod i strandsona etter plan- og bygningslova §1-8 og frå krav om reguleringsplan etter føresegn 2.2 i kommuneplan for tidlegare Lindås kommune. Vi forstår det slik at det vert søkt om dispensasjon for allereie oppførte vegar, som er bygd utan løyve på 1980- og 1990-talet. Deler av arealet skal nyttast som parkeringsareal.

Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Når ein skal vurdere dispensasjon for tiltak som allereie er utført, skal ein vurderer dei som om dei ikkje er utført. Vurderinga skal verken vere strengare eller mindre strengt enn om tiltaket ikkje var utført.

Vi forstår det slik at veg og parkering skal sikre tilgang til naust og hytter i område. Det er uheldig om dispensasjonen fører til at det vert vanskelegare å få gode løysingar for veg og parkering i området. Vi stiller særleg spørsmål ved om den «doble vegen» er den beste løysinga for parkering, særleg med tanke på strandsoneverdiane i området. Byggegrensa mot sjø er fastsett lengre inne på land og kommuneplanen opnar i utgangspunktet ikkje for tiltak i dette området. Det er heller ikkje sjølvstøtt at naust og hytter skal ha veg heilt fram og parkering rett ved. Ein reguleringsplan er i utgangspunktet eit godt reiskap for å sikre gode felleisløysingar for veg og parkering.

Kommunen må vurdere om veg og parkering vil sette omsyn til dei allmenne verdiane strandsona vesentleg til side, særleg landskapsverknadane må vurderast, men også om tiltaka fører til privatisering. Det bør også vurderast om det finst alternative og betre løysingar for parkering, og om ein dispensasjon vil gje uheldige føringar for ein framtidig reguleringsplan. Om det er planar om ytterleg tiltak i området bør dette i utgangspunktet handsamast samla.



Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN